

Innst. O. nr. 55.

(1998-99)

Innstilling fra næringskomiteen om lov om endring av lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. (enhetskvoteordning).

Ot.prp. nr. 21 (1998-99).

Til Odelstinget.

1. SAMMENDRAG

1.1 Proposisjonens hovedinnhold

Fiskeridepartementet legger i proposisjonen frem forslag om endring av § 5a i lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v.

Når det er fastsatt en totalkvote vil denne kunne fordeles på hvert enkelt fartøy som deltar i det aktuelle fisket. Hovedprinsippene for denne fordelingen finnes i saltvannsfiskeloven § 5. Kvote skal kun tildeles fartøy som faktisk skal delta i fisket.

Saltvannsfiskeloven § 5a gir i dag hjemmel for å fordele de gruppekvoteene som blir tildelt trål- og ringnotflåten på en måte som avviker fra den ordinære ordningen for fastsettelse av fartøykvoter.

§ 5a lyder:

«Som et ledd i en tilpasning av den konsesjonsbelagte trål- og ringnotflåten til ressursituasjonen, kan totalkvoten for vedkommende gruppe deles i et antall like kvoter (enhetskvoter), som kan være større enn antall deltagende fartøy i vedkommende fartøygruppe. ...»

Hjemmelen foreslås i proposisjonen utvidet slik at den omfatter den konsesjonsbelagte trål- og ringnotflåte og fartøy over 28 meter største lengde som fisker med konvensjonelle redskap med adgangsbegrensning.

Begrunnelsen for forslaget er at enhetskvoteordninger har blitt et innarbeidet virkemiddel i arbeidet med å tilpasse den havgående flåten til ressursgrunnlaget.

1.2 Dagens ordninger

Med hjemmel i saltvannsfiskeloven § 5a er det utferdiget forskrifter om enhetskvoteordning for grønlandsreke-trålflåten, torske-trålflåten og ringnotflåten.

Med enhetskvoteordning deles årskvoten i et antall kvoter ut fra det antall fartøy som ble tildelt kvote

året før ordningen iverksettes. Med utgangspunkt i disse beregningene kan det for et fartøy tildeles flere enhetskvoter. Dette forutsetter at fartøy trekkes ut av fiske. Formålet med ordningen er således å styrke driftsgrunnlaget for deltagende fartøy. Departementet kan nekte å tildele enhetskvote når det vil være i strid med fiskeripolitiske målsetninger.

Torske-trålflåten

Fiskeridepartementet innførte enhetskvoteordning for torske-trålflåten første gang i 1984.

Enhetskvote kan tildeles i 13 år, senest for år 2011. For å hindre fiskeripolitiske uønskede effekter, deles flåten i enhetskvotesammenheng i tre grupper, noe som innebærer at enhetskvote må tildeles innenfor gruppen. For å unngå at enhetskvoteordningen lager uønskede kvotekonsentrasjoner kan det samlet ikke tildeles mer enn 9 enhetskvoter for samme søker. For å hindre for store forskjeller i kvotegrunnlag mellom de deltagende fartøy, er det dessuten satt et tak for samlet kvote.

Ringnotflåten

Enhetskvoteordning for ringnotflåten er innført fra 1996 for å tilpasse ringnotflåten til ressursgrunnlaget.

Enhetskvote, for fartøy som trekkes permanent ut av fiske, kan tildeles for 13 år, senest for år 2011. Som for torske-trål er det lagt til rette for at hele flåten kan benytte ordningen, både den som eier flere fartøy og samarbeidende rederier. Som forutsatt i Innst. O. nr. 103 (1992-93) s. 4, skal en viss prosent av enhetskvoten gå tilbake til gruppekvote for refordeling.

Grønlandsreke-trålflåten

En enhetskvoteordning for grønlandsreke-trålflåten har vært i kraft siden 1994. Enhetskvote for fartøy

som trekkes permanent ut av fiske, kan tildeles i 10 år, men ikke etter år 2008. Kvotekonsentrasjon hindres ved at ingen fartøy kan tildeles mer enn 10 pst. av to-talkvoten.

1.3 Høringsrunden

Fiskeridepartementet sendte ved brev av 24. september 1998 ut høringsbrev til en rekke institusjoner og organisasjoner.

1.4 Forslag til endringer i saltvannsfiskeloven

Departementet viser til at et flertall av høringsinstansene slutter seg til eller gir et betinget samtykke til lovforslaget.

Departementet peker på at utvidelsen av virkeområdet for saltvannsfiskeloven § 5a er begrenset til å gjelde fartøy over 28 meter største lengde som fisker med konvensjonelle redskap og med adgangsbegrensning. Hvilke grupper som det vil være aktuelt å iverksette enhetskvoteordninger for må det tas stilling til etter hvert, etter den løpende fiskeripolitiske debatt og utviklingen innenfor fiskerinæringen. Fiskeridepartementet finner det videre hensiktsmessig med en hjemmel som gjør det mulig å iverksette enhetskvoteordninger uavhengig av en ytre tidsramme.

Departementet viser til at det før det iverksettes enhetskvoteordninger for nye flåtegrupper vil være naturlig å vurdere ulike sider av enhetskvoteordningen i forhold til f.eks. uønskede effekter for sysselsetting og bosetting. Et forslag om enhetskvoteordning for nye flåtegrupper vil gjøres til gjenstand for behandling i næringens organisasjoner.

Departementet er uenig med flere av høringsinstansene som karakteriserer enhetskvoteordningen som omsettelige kvoter.

Fiskeridepartementet er uenig med flere av høringsinstansene som karakteriserer enhetskvoteordningen som omsettelige kvoter.

Fiskeridepartementet legger til grunn at en enhetskvoteordning ikke er et system hvor kvoter skal omsettes.

Departementet viser til at de gjeldende enhetskvoteordninger har som formål å tilpasse flåten til ressursgrunnlaget. Etter departementets oppfatning har enhetskvoteordningene fungert etter sin hensikt i og med at flåten i dag er redusert med 6 torsketralere, 6 ringnotsnurpere og 2 grønlandsreketralere. Det vises til at enhetskvoteordningene er et tilbud til næringen slik at det er næringen som avgjør om det er nødvendig å tilpasse seg ressursgrunnlaget gjennom å benytte ordningen.

Noen av høringsinstansene går imot eller er skeptisk til å utvide virkeområde til å gjelde alle flåtegrupper hvor det er adgangsbegrensning. En enhetskvoteordning kan etter departementets oppfatning tilpasse kapasiteten til ressursgrunnlaget og således bl.a. sikre de deltakende fartøy et godt driftsgrunnlag.

Det foreslås at virkeområdet for saltvannsfiskeloven § 5a utvides slik at Fiskeridepartementet, med hjemmel i bestemmelsen, kan iverksette enhetskvoteordninger for den konsesjonsbelagte trål- og ringnotflåte og for fartøy over 28 meter største lengde som fisker med konvensjonelle redskap og med adgangsbegrensning.

Videre foreslås det at hjemmelen ikke tidsbegrenses, men at det blir adgang til å innføre enhetskvoteordninger uten hinder av en ytre tidsramme for iverksettelse.

1.5 Økonomiske og administrative konsekvenser

Regjeringen forutsetter at forslaget ikke vil føre til behov for ekstra bemanning eller økte utgifter for øvrig.

2. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Einar Johansen, Bjarne Håkon Hanssen, Kjell Opseth, Torstein Rudihagen, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Rita Tveiten, frå Framstegspartiet, Øystein Hedstrøm og Terje Knudsen, frå Kristeleg Folkeparti, Modulf Aukan og Anita Apelthun Sæle, frå Høgre, Ansgar Gabrielsen og Ivar Kristiansen, frå Senterpartiet, Jon Tørset og frå Venstre, Leif Helge Kongshaug, syner til fellesmerknaden i Innst. O. nr. 38 (1998-99), der det heiter at:

«Komiteen vil påpeke at fiskeressursene tilhører det norske folk, i fellesskap. Det er derfor i utgangspunktet ingen enkeltpersoner eller enkeltelskaper som kan gis evigvarende eksklusive rettigheter til vederlagsfritt å høste av og tjene på disse ressursene, mens andre stenges ute fra å delta i fisket.»

Komiteen syner vidare til fellesmerknaden i Innst. S. nr. 93 (1998-99), der det heiter at:

«Komiteen viser til at fiskerinæringa er avhengig av naturen og utsett for naturlege svingingar. Uttaket må derfor styrast av ei berekraftig hausting av ressursane. Komiteen vil likevel understreke fiskerinæringa sitt behov for stabilitet og rammer dei kan gå ut ifrå, sjølv om kvotane frå år til år kan endra seg. Komiteen meiner systemet med fordeling av fiskekvotane mellom hav og kyst må gjennomgåast med sikte på å koma fram til ei varig fordeling. Det bør framleis vera ei målsetjing at næringa sjølv gjennom fiskarane sine organisasjonar medverkar til å finne fram til omforente fordelingar mellom dei ulike gruppene. Komiteen vil understreka at fordeling av kvotar mellom gruppene må oppretthaldast over tid, slik at det verkeleg vert eit verktøy som stimulerer til strukturtilpassing og langsiktig planlegging.»

Komiteen har merka seg at med einingskvoteordninga, kan totalkvoten for vedkomande gruppe delast i eit antal like kvotar (einingkvotar), som kan

vera større enn antal fartøy som tek del i vedkomande fartøygruppe og at einingskvotane kan fordelast ulikt innan gruppa, jf. § 5 a i saltvassfiskeleva.

Komiteen understrekar at fangstkapasiteten i fiskeflåten må tilpassast ressursgrunnlaget og meiner at det er nødvendig å betra driftsgrunnlaget for den enkelte driftseininga innan fiskeflåten.

Komiteen meiner at ordninga medverkar til at det vert den enkelte fiskebåteigar sitt ansvar å avpassa fangstkapasiteten til kvotegrunnlaget fartøyet har. Ordninga kan såleis utgjere eit dynamisk verkemiddel i høve flåtefornying og i høve overkapasitet i dei aktuelle fiskeria. Ordninga kan vidare leggja til rette for at fartøyutforminga kan verta friare.

Komiteen meiner det er ein styrke at det er mange aktørar av varierende storleik i norsk fiskeriering og at det er positivt at mange kan bli eigar eller medeigar av fiskefartøy. Det må difor sikrast at nye generasjonar også kan får høve til å verta fartøyeigar.

Komiteen meiner det er positivt at einingskvoteordninga legg til rette for å styrkja det einskilde fiskefartøy sin lønsevne, ved å slå saman kvotar frå fleire fartøy og at dette skjer mot at tilsvarande fartøy eller fartøy med tilsvarande kvoterettar vert trekte ut av fiske.

Komiteen vil streka under at ordninga reelt sett må verke kapasitetstilpassande. Fartøy må dessutan ikkje omsetjast på ein måte som er i strid med nasjonale fiskeriinteresser.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet meiner det vil vera i strid med nasjonale fiskeriinteressar dersom sal av fartøy til andre land fører til kapasitetsauke.

Komiteen er samd i at det ikkje skal leggjast til rette for å slå saman kvotar mellom fartøy i kyst- og havfiskeflåten.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet og Høgre, meiner i den samanhang det er viktig at tidsavgrensinga som gjeld for einingskvotane vert vidareført.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, meiner det må utarbeidast reglar knytt til ordninga som hindrar ei uheldig opphoping av fiskefartøy med konsesjonar på få hender og at det må takast geografiske og regionale omsyn.

Komiteen er samd i at ordninga vert vidareført, men komiteen ber om at det vert utgreidd å gjera ordninga gjeldande for fartøy under 28 meter og kva grense som i så fall er naturleg. Komiteen viser til Innst. S. nr. 93 (1998-99) der det heiter:

«Komiteen meiner skilje mellom hav og kystfiske må utgreiast med sikte på å få fram andre parametre enn fartøyet si lengde. Komiteen ser at teknologien i sterk grad har oppheva skilje mellom fartøy på 28 me-

ter og under, og at desse fartøygrupper langt på veg fiskar med same type reiskap.»

Komiteen vil på denne bakgrunn gjere følgjande framlegg:

«Stortinget ber Regjeringa greie ut om einingskvoteordninga kan gjerast gjeldande for fartøy under 28 m. Stortinget føreset at Regjeringa kjem tilbake med denne vurderinga i budsjettet for år 2000, slik at dette eventuelt kan gjennomførast frå 1. januar 2000.»

Komiteens medlemmer fra Framskrittspartiet og Høyre mener enhetskvoteordningen er egnet til å fremme lønnsomhet og privat initiativ i fiskerieringen. Med enhetskvoter kan den enkelte fartøy- og kvoteeier selv vurdere om det er lønnsomt å kjøpe en enhetskvote eller gå sammen med en annen kvoteeier for i fellesskap å drive mer rasjonelt. Dette vil først og fremst være aktuelt i forbindelse med utskifting av et eldre fiskefartøy eller i situasjoner der sviktende lønnsomhet gjør kvotesammenheng nødvendig. På denne måten oppnås kapasitetstilpassing fortløpende.

Disse medlemmer mener effekten av enhetskvoteordningen reduseres av tidsbegrensningen på 13 år og restriksjonene som er lagt på overføring av enhetskvoter. Disse medlemmer ønsker derfor å få utredet spørsmålet om å oppheve tidsrammen på 13 år og avvikle de fleste andre begrensningene på overføring av enhetskvoter fra et fartøy til et annet. Siden fiskeressursene er en felles naturressurs som ikke utelukkende bør tilfalle rettighetshaverne, men også samfunnet som helhet, kan fjerning av tidsrammen på 13 år ledes av en moderat grunnrenteavgift. Formen på en slik avgift, bl.a. beregningsgrunnlaget, hvem som skal omfattes, og bruken av den, må utredes nærmere.

Disse medlemmer mener flest mulig bør ha anledning til å satse på fiskeriering og bli eiere eller medeiere i eget fartøy. Eierskap stimulerer lønnsomhet, nyskaping og næringsutvikling. I kystfiskeflåten er etableringssterskelen forholdsvis lav. Rekrutteringsmulighetene er derfor gode og selveierskapet utbredt. Kystflåten er imidlertid preget av overkapasitet, lav lønnsomhet og manglende tilgang på kapital. For å styrke kystfisket, både som selvstendig levebrød og som kombinasjonsnærings, bør enhetskvoter også innføres for alle regulerte fiskerier i kystfisket. Siden driftskombinasjoner er langt mer utbredt og varierende i kystflåten enn i havfiskeflåten, må enhetskvoteordningen i kystflåten tilpasses disse spesielle forholdene. Disse medlemmer mener en innføring av enhetskvoteordning for kystflåten vil redusere overkapasiteten, øke kapitaltilgangen og bedre lønnsomheten.

Disse medlemmer viser til at utviklingen i næringslivet tilsier at grensen mellom hav- og kystfiskeflåten settes til 21,3 meter. Av hensyn til forutsigbarheten i næringslivet er det viktig at kriteriene for forde-

lingen av kvoter mellom kyst- og havfiskeflåten ligger fast. Dette er avgjørende for at enhetskvoteordningen og en effektiv, løpende kapasitetstilpassing skal kunne fungere. Disse medlemmer ønsker å få utredet spørsmålet om fjerning av tidsbegrensningen på 13 år, og ber om en vurdering av å avvikle de fleste begrensninger på overføring av enhetskvoter fra et fartøy til et annet.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener at dagens enhetskvoteordning må videreføres og videreutvikles. Når det gjelder enhetskvoteordningen for torsketralere må det fokuseres på enhetskvotenes varighet. Disse medlemmer mener at en tidsbegrensning på 13 år er for kort periode. Disse medlemmer mener at 15 år i denne sammenheng vil være mer hensiktsmessig for næringen. Disse medlemmer mener at en økt tidsbegrensning til 15 år også må gjøres gjeldende innenfor rekefiske.

Disse medlemmer ser det som viktig å få redegjort for en ressursavgift. Disse medlemmer ser både positive og negative sider ved en slik avgift, og ønsker derfor å få utredet hensiktsmessigheten av et slikt system.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringen foreta en utredning av en ressursavgift (grunnrente) og ber videre om at egnede virkemidler for en slik avgift blir utredet, deretter sendes vurderingen Stortinget.»

«Stortinget ber Regjeringen foreta tilpasninger slik at enhetskvoteordningen utvides til å omfatte fartøy helt ned til 15 meter.»

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for fritt omsettelige kvoter og at dette tillates på tvers av fartøygrupper.»

«Stortinget ber Regjeringen endre grensen mellom hav- og kystfiskeflåten til 21,3 meter.»

«Stortinget ber Regjeringen utvide tidsavgrensningen for enhetskvoteordningen til å gjelde i 15 år. Dette gjøres også gjeldende for reketralere.»

Komiteens medlemmer fra Høyre mener at for å bevare kystfisket som selvstendig levevei må en enhetskvoteordning for kystflåten etableres separat. Det innebærer at kvoter ikke kan overføres mellom fartøyer i kystfiskeflåten og havfiskeflåten.

Likeledes ber disse medlemmer om at spørsmålet om fjerning av tidsbegrensningen på 13 år vurderes opp mot innføring av en moderat grunnrenteavgift.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber Regjeringen utrede en avvikling av tidsavgrensningen for tildeling av enhetskvoter.

Avviklingen bør skje parallelt med innføringen av en grunnrenteavgift i fiskerinæringen. Formen på en slik avgift bl.a. beregningsgrunnlaget, hvem som skal omfattes, og bruken av den må utredes nærmere.»

«Stortinget ber Regjeringen utarbeide forslag om å innføre enhetskvoteordning for alle fiskerier der forvaltningshensyn tilsier at det må legges begrensninger på fisket. Det opprettes separate enhetskvoteordninger for fartøyer over og under 21,3 meter.»

3. FORSLAG FRA MINDRETALL

Forslag fra Fremskrittspartiet:

Forslag 1

Stortinget ber Regjeringen foreta en utredning av en ressursavgift (grunnrente) og ber videre om at egnede virkemidler for en slik avgift blir utredet, deretter sendes vurderingen Stortinget.

Forslag 2

Stortinget ber Regjeringen foreta tilpasninger slik at enhetskvoteordningen utvides til å omfatte fartøy helt ned til 15 meter.

Forslag 3

Stortinget ber Regjeringen legge til rette for fritt omsettelige kvoter og at dette tillates på tvers av fartøygrupper.

Forslag 4

Stortinget ber Regjeringen endre grensen mellom hav- og kystfiskeflåten til 21,3 meter.

Forslag 5

Stortinget ber Regjeringen utvide tidsavgrensningen for enhetskvoteordningen til å gjelde i 15 år. Dette gjøres også gjeldende for reketralere.

Forslag fra Høyre:

Forslag 6

Stortinget ber Regjeringen utrede en avvikling av tidsavgrensningen for tildeling av enhetskvoter. Avviklingen bør skje parallelt med innføringen av en grunnrenteavgift i fiskerinæringen. Formen på en slik avgift bl.a. beregningsgrunnlaget, hvem som skal omfattes, og bruken av den må utredes nærmere.

Forslag 7

Stortinget ber Regjeringen utarbeide forslag om å innføre enhetskvoteordning for alle fiskerier der forvaltningshensyn tilsier at det må legges begrensninger på fisket. Det opprettes separate enhetskvoteordninger for fartøyer over og under 21,3 meter.

4. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til proposisjonen og til det som er sagt foran og råder Odelstinget til å gjøre slike

vedtak:

A.

Vedtak til lov

om endring i lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. (enhetskvoteordning).

I.

I lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. gjøres følgende endring:

§ 5a, spesielle kvoteordninger, skal lyde:

Som et ledd i en tilpasning av den konsesjonsbelagte trål- og ringnotflåte, kan totalkvoten for vedkommende gruppe deles i et antall like kvoter (enhets-

kvoter), som kan være større enn antall deltagende fartøy i vedkommende fartøygruppe. Enhetskvoten kan fordeles ulikt mellom de deltagende fartøy innenfor gruppen.

Første ledd gjelder tilsvarende for fartøy over 28 meter største lengde som fisker med konvensjonelle redskap og med adgangsbegrensning.

Departementet kan ved forskrift gi nærmere bestemmelser om fastsettelse og fordeling av enhetskvoter.

II.

Denne lov trer i kraft straks.

B.

Stortinget ber Regjeringa greie ut om einingskvoteordninga kan gjerast gjeldande for fartøy under 28 m. Stortinget føreset at Regjeringa kjem tilbake med denne vurderinga i budsjettet for år 2000, slik at dette eventuelt kan gjennomførast frå 1. januar 2000.

Oslo, i næringskomiteen, den 18. mars 1999.

Øystein Hedstrøm,
fung. leder.

Rita Tveiten,
ordfører.

Kjell Opseth,
sekretær.

Vedlegg

Brev fra Fiskeridepartementet til næringskomiteen, datert 1. mars 1999.

Svar på spørsmål om Ot.prp. nr. 21 om enhetskvoteordning

Eg viser til Næringskomiteen sine spørsmål i tilknytning til handsaming av Ot prp nr 21 om lov om endring av lov 3. juni 1983 nr 40 om saltvannsfiske m.v. (enhetskvoteordning).

Svar til spørsmål 1:

Etter mi oppfatning er det sentrale spørsmålet som blir reist i lesarbrevet, kor langt statens råderett over fiskeressursane skal strekkje seg.

Gjeldande fiskerilovgivning byggjer på at det er staten som har råderett over fiskeressursane og at private må ha offentleg løyve for å få slik råderett. Vi har såleis ikkje skipa eit system basert på fri omsetnad av kvotar. Når private ved tildeling av kvote får råderett over fiskeressursar kan vedkommande fiske kvoten etter føresegnar i saltvassfiskelova og omsette fangsten etter føresegnar i råfisklova.

Fiskerilovgivninga må ha føresegnar som tillet sal av fartøy for å gi høve til fornying i fiskeflåten og for å gi fleksibilitet i drifta av dei einskilde reiarlaga. Slike føresegnar må utformast slik at fiskeripolitiske omsyn om busetting, sysselsetting og lønnsemd blir ivareteke, samstundes som det skal vere mogeleg å administrere føresegnene.

Innanfor konvensjonelt torskefiske gruppe I nord for 62° N, som lesarbrevet omhandlar, er det om lag 3 000 fartøy som blir tildelt deltakeradgang og kvote. Fiskeristyresmaktene kan tildele ein maksimal- eller fartøykvote for den som oppfyller vilkåra for deltaking i dette fisket. Ein tilfeldig privatperson kan såleis ikkje bli tildelt kvote, men berre den som er oppført i manntalet på blad B og som rår over eit fiskefartøy o.s.v.

Det er altså høve til å omsette fiskefartøy og etter føresegnene kan den som oppfyller vilkåra for deltaking i konvensjonelt torskefiske gruppe I nord for 62° N bli tildelt deltakeradgang og kvote etter reguleringsføresegnene. Det er utanfor fiskeristyresmaktene sin kompetanse å avgjere kva pris som kan avtalast for eit fiskefartøy. Dette er eit tilhøve som dei private må avgjere seg i mellom. Når kjøper oppfyller vilkåra for deltaking i dette fisket, og blir gitt løyve, følgjer det av reguleringsføresegnene kor mykje han kan fiske. Som det kjem fram i lesarbrevet er det mogeleg at dei private legg inn verdien av forventa kvote i salet av fartøyet.

Sistnemnde er vanskeleg å kontrollere for fiskeristyresmaktene mellom anna fordi innhaldet i avtalen mellom kjøper og seljar er av privat karakter og såleis kan haldast skjult. Eit verkemiddel som offentleg pris-

regulering vil av samme grunn kunne omgåast. Det er derfor etter mi oppfatning vanskeleg å gripe inn mot at det blir avtalt vederlag også for forventa kvote frå fiskeristyresmaktene.

Utgangspunktet er at ein kan selje eit fiskefartøy til kven som helst, men at tildeling av deltakeradgang og kvote for fiske i konvensjonelt torskefiske nord for 62° N i gruppe I og mange andre fiskeri, er regulert av styresmaktene. Omsetnad av fartøy må etter føresegnene skje innan fylket, med unntak av fiskarar i Nord-Troms og Finnmark som kan kjøpe fartøy frå heile landet. Det er samstundes eit krav for å kjøpe fiskefartøy frå same fylke som ein er busett, at vedkommande har vore busett i minst 1 år i fylket. Vidare er det fastsett krav om 10 % av kvoten må vere fiska i 1997 og 15% i 1998 for å sikre at løyve blir nytta etter sitt innhald, d.v.s. at ein må framvise ein slik aktivitet for å vere kvalifisert for gruppe I. I motsett høve skal ein fiske innanfor gruppe II.

Som det framgår ovanfor det lagt så mange restriksjonar på den private sin råderett over ein kvote at det etter mi oppfatning ikkje kan oppfattast som, som lesarbrevet gir uttrykk for, at vi har eit system med omsetnad av kvotar. Fiskeristyresmaktene har kompetanse til å tildele løyve til å ta del i fiske og til å tildele kvote. Dette blir gjort ved forskrift (kvote) og ved enkeltvedtak (løyve til deltaking).

Svar til spørsmål 2:

Skilnaden mellom ei ordning med omsetnad av kvotar og einingskvoteordningane er at sistnemnde byggjer på at kvoten må bli tildelt av fiskeristyresmaktene, d.v.s. at råderetten over kvoten ikkje kan overførast direkte mellom private utan løyve frå styresmaktene.

Når ein einingskvote blir tildelt skjer dette etter at ei rekke vilkår som skal sikre fiskeripolitiske omsyn er oppfylt. Sjølv om alle vilkåra er oppfylt kan fiskeristyresmaktene etter ei skjønsmessig vurdering avslå søknaden.

Etter ordningane er det lagt inn ei rekke skrankar i råderetten over einingskvoten:

1. tilsegn knytast til reiarlaget for å hindre at ein ved sal av fartøyet motverkar fastsette vilkår.
2. eit tilsegn gjeld for 10 eller 13 år, men kvoten skal tildelast årleg.
3. det er føresett i forarbeida til ordningane at dei kan opphevast. Dette har samanheng med at lengda på det tidsrommet einingskvote kan tildelast er politisk bestemt, d.v.s. at ingen har rettskrav på tildeling i 10 eller 13 år.

Dagens praksis er derfor ikkje å rekne som omsetnad av kvotar.

Svar til spørsmål 3:

Kvotefordelinga mellom kyst- og havfiskeflåten må fastsetjast uavhengig av einingskvoteordninga og ut frå kva som vil vere ei turvande fordeling til eikvar tid. Dette er lagt til grunn i saltvassfiskeleva § 4.

Det er likevel ikkje meininga at den nedbygginga som einingskvoteordningane skaper skal nyttast til å bygge opp kapasiteten i andre flåtegrupper, men for å tilpasse kapasiteten innanfor flåtegruppene.

Svar til spørsmål 4:

Fastsetjing av perioden kor einingskvote kan bli tildelt skjer ut frå to omsyn. På den eine sida omsynet til at einingskvoteordninga berre er ei politisk binding og ikkje ei rettsleg førehandsbinding av forvaltningsmyndighet og derfor må avgrensast mest mogeleg i tid. På den andre sida omsynet til den økonomiske drivkrafta eit reiarlag må ha for å trekkje ut eit fartøy som vil trekkje i retning av at ordninga for å få verknad må vere ei viss tid.

Det er gjennomført utgreiingar hos Noregs Handelshøgskule/ Stiftelsen for Samfunns- og Næringslivsforskning i Bergen som har vist til at ordninga for torsketrålflåten må vare i 10 - 15 år med dobbel torsketrålkvote for å gi reiarlaga den nødvendige drivkrafta til å bruke ordninga, jf. SNF rapport 69/93. Tidsspennet i ordninga for grønlandsreke-trålflåten er fastsett ut frå ei samanlikning med tilsvarende tilråding i SNF rapporten for torsketrålarane.

Svar til spørsmål 5:

I einingskvoteordninga for ringnotflåten er det fastsett at einingskvota skal avkortast i tråd med ei tilråding frå eit fleirtal i Sjøfarts- og fiskerikomiteen, jf.

Innst. O. nr. 103 (1992-93) side 4. Avkortinga er fastsett for at eit visst kvantum skal gå tilbake til gruppa for refordeling. Det er lagt til grunn ei differensiert avkorting for å hindre at fartøy blir teke ut av fiske i regionar som har hatt ein kraftig flåtereduksjon til føremon for regionar som har styrkja sin del av den totale flåten. Samstundes er avkortingsprosenten fastsett slik at eit reelt kvantum går tilbake og blir refordelt i gruppa.

Det er mi oppfatning at desse avkortingsføresegnene har virka etter føremålet.

Svar til spørsmål 6:

28 meter største lengde er nytta i dei fleste reguleringar og er således ein avgrensing som er innarbeide i reguleringane. For torskefiske nord for 62° N er fartøy under 28 meter regulert med maksimalkvoter med ein stor grad av overregulering. For 1998 100%. Innføringa av enhetskvoter for fartøy innanfor denne gruppa kan føre til kapasitetsoppbygging ved at lite effektive fartøy blir tatt ut i enhetskvote prosjekt, kombinert med nybygg eller eksisterande effektive fartøy.

Eg meiner således at ei høveleg grense går ved 28 meter og det er derfor i Ot prp nr 21 (1998-99) foreslått at fartøy over 28 meter største lengde som fisker med konvensjonelle reiskap og med adgangsbegrensning skal vere omfatta av heimelen i saltvassfiskeleva § 5a.

Svar til spørsmål 7:

Oversikt over geografisk fordeling av konsesjonar for dei ulike gruppene som er omfatta av dei einiskilde einingskvoteordningane:

	Ringnot	Torsketrål	Grønlandsreke-trål
Finnmark	6	26	1
Troms	7	28	7
Nordland	9	27	1
Nord-Trøndelag	1		
Sør-Trøndelag	2		
Møre- og Romsdal	27	24	9
Sogn- og Fjordane	6	1	
Hordaland	38		
Rogaland	2		
Totalt	98	105	18

Oversikta byggjer på data frå Fiskeridirektoratet pr. 25. februar 1999. Ervervsløyve etter denne tid vil endre oversikta.

Svar til spørsmål 8:

Einingskvoteordningane kan medverke til auka konsentrasjon i fiskerinæringa dersom ordningane ikkje blir underlagt skrankar. I dei gjeldande ordningane ble det lagt inn slike skrankar nettopp for å motverke konsentrasjonar:

1. det er i alle ordningane laga vilkår som skal hindre at fartøy frå Nord-Noreg blir tekne ut til føremon for reiarlag i sør.
2. det er fastsett vilkår i torsketrålordninga som skal hindre sal av fartøy ut av mindre regionar i Nord-Noreg for å sikre råstofftilførsle til landindustri.
3. det er i torsketrålordninga fastsett grupper slik at mellom anna ombordprodusentar ikkje kan ta ut småtrålarar og ferskfisktrålarar.
4. det er fastsett eit kvotemaksimum for kvart enkelt fartøy, kvart enkelt reiarlag og for samarbeidande reiarlag i alle ordningane.

Eg er innstilt på at slike skrankar også skal leggjast inn i dei kommande ordningane.

Svar til spørsmål 9:

Når vi har foreslått ein permanent heimel for å innføre spesielle kvoteordningar etter saltvassfiskelova § 5a har dette ikkje samanheng med spørsmålet om kor lenge dei enkelte ordningane skal vare. Som nemnt ovanfor i punkt 4 må dette spørsmålet avgjerast

særskilt og det er uansett ikkje lovgrunnlag for å binde forvaltningsmyndigheit på førehand for all framtid.

Ein fiskekvote er ikkje nokon vedvarande rett, dette gjeld også einingskvote, men blir tildelt årleg ut frå ein fastsett totalkvote som varierer frå år til år. Det er såleis rettsleg rom for å rekruttere nye deltakarar inn i fisket uavhengig av innføring av einingskvoteordningar.

Fiskeriverksemd føreset fiskerifagleg kompetanse om bord i fartøya og det er allereie i dag vanleg å la nøkkelpersonell få del i eigedomsretten til fartøyet. Dette er ei utvikling som vil fortsette og som vil sikre rekruttering av nye eigarar med fiskarbakgrunn også i framtida.

Eg legg dessutan til grunn at einingskvoteordningar ikkje skal innførast for fartøy mindre enn 28 meter, jf. Ot prp nr 21, og såleis ikkje vil ha nokon innverknad på rekrutteringa av fiskarar i desse flåtegruppene.

Svar til spørsmål 10:

I og med at resultatet i dommen er så nært knytt opp til ei vurdering av det islandske systemet for adgangsbegrensning i høve til den islandske grunnlovens art 75, har dommen svært avgrensa overføringsverdi til norske forhold. Føresegna i vår grunnlovs § 101, kor det heiter at «Nye og bestandige Indskrænknings i Næringsfriheden bør ikke tilstedes Nogen for Fremtiden», har ikkje vore sett på som skranke for avgrensingar i næringsfridomen, d.v.s. konsesjonsordningar, som er innført ved lov eller med heimel i lov.